

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2016	Formannskapet i Radøy	PS	20.01.2016
004/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.01.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	14/537	16/464

Godtgjersle til folkevalde 2015-2019

Saksopplysingar:

I kommunelova heiter det:

§ 41. Dekning av utgifter og økonomisk tap.

1. Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet, etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.
2. Tap av inntekt og påførte utgifter som følge av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv erstattes opp til et visst beløp pr. dag, fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv. Det skal fastsettes ulike satser for legitimerede og ulegitimerte tap.

§ 42. Arbeidsgodtgjøring.

Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Ordføreren la i siste kommunestyremøte i forrige periode fram eit notat med endringar i reglement for godtgjersle til folkevalde, og varsla samtidig ein politisk gjennomgang av ordninga i det nye kommunestyret.

Radøy kommune har eit enkelt reglement for godtgjersle for kommunale tillitsverv, som vart vedteke i kommunestyret i januar 2012. Rådmannen rår til at ein held fast på eit enkelt reglement med nokre få justeringar.

Vervet som leiar i hovudutval for plan, landbruk og teknisk er tidkrevande, og rådmannen legg opp til ein viss auke i godtgjersla. Samtidig blir det gjort framlegg om å ta vekk godtgjersla til nestleiar i utvalet, som då blir den same godtgjersla som for dei øvrige medlemene i utvalet, som vert føreslege auka med kr 1000,-.

Endringane som det blir gjort framlegg om vil ikkje føra til auka kostnader i budsjettet, og Radøy vil framleis ha eit nøktern ordning.

I samband med at Radøy kommune, og dei andre kommunane i regionen, no går bort frå ordninga med kommunale nettbrett, vert det no gjort framlegg om ein økonomisk kompensasjon til kommunestyremedlemene og faste medlemar i utval på kr 1000,- pr. år for bruk av eige datautstyr. Dette inkluderer bruk av privat PC, brett, skrivar, papir og anna utstyr – inkludert tilgang til internett.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Følgjande reglement for godtgjersle for kommunale tillitsverv vert gjeldande frå 22. oktober 2015.

1. Fast årleg godtgjersle (i tillegg til møtegodtgjersle):

Medlemer i formannskapet	kr 20 000
Medlemer i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	kr 15 000
Leiar i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	kr 25 000
Leiar i kontrollutvalet og byggjenemnda	kr 7 000

Fråvær frå meir enn 25 % av møta fører til høvesvis reduksjon. Vararepresentant som har meir enn 25 % frammøte, får utbetalt høvesvis del av fast årleg godtgjersle.

2. Leiarar av andre råd/utval, samt fungerande leiar ved forfall, jf. pkt.1 (pr. møte) kr 1 200
3. Møtegodtgjersle (pr. møte) kr 600

Det vert berre utbetalt ei møtegodtgjersle der fleire møte er lagt etter kvarandre på same dag.

4. Eventuelt vederlag for tapt arbeidsforteneste kjem i tillegg til ovannemnde godtgjersler. Høgaste kronesum som kan ytast for ulegitimerte tap, vert sett til kr 1000,- pr. dag dersom møta er lagt til eit tidspunkt slik at vedkomande må ta fri frå det ordinære arbeid for å utøva vervet. For legitimerte tap og utgifter kan det betalast ut inntil kr 3000,- pr. dag. For sjølvstendig næringsdrivande kan det betalast ut inntil kr 3600,- når tapet er dokumentert med oppgåve frå firma.

5. Når det gjeld skyss, kost og overnatting i samband med reiser, vert det godtgjort etter det kommunale reiseregulativet.

6. Det vert gjeve refusjon for nødvendige utgifter til barnepass.

7. Formannskapet får fullmakt til å ta avgjerd i tolkingsspørsmål som gjeld dette reglementet.

8. Kommunestyremedlemar og faste medlemar i utval får kr. 1000,- pr. år for bruk av eige datautstyr. Dette inkluderer bruk av privat PC, brett, skrivar, papir og anna utstyr – inkludert tilgang til internett.

Formannskapet i Radøy - 007/2016

FS - handsaming:

Etter drøftingar sette ordførar Jon Askeland fram følgjande endringsframlegg til punkt 1 - Fast årleg godtgjersle:

Leiar i kontrollutvalet og byggjenemnda kr 15 000,-.

Satsane for godtgjersler under punkt 1 vert frå 2017 årleg indeksregulert basert på konsumprisindeksen den 31/12 2016. Satsane vert avrunda opp til næraste tusen.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med endringsframlegg frå ordføraren sett fram i møtet.

FS - vedtak:

Følgjande reglement for godtgjersle for kommunale tillitsverv vert gjeldande frå 22. oktober 2015:

1. Fast årleg godtgjersle (i tillegg til møtegodtgjersle):

Medlemer i formannskapet	kr 20 000
--------------------------	-----------

Medlemer i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	kr
15 000	

Leiar i hovudutval for plan, landbruk og teknisk	kr 25 000
--	-----------

Leiar i kontrollutvalet og byggjenemnda	kr 15 000
---	-----------

Fråvær frå meir enn 25 % av møta fører til høvesvis reduksjon.

Vararepresentant som har meir enn 25 % frammøte, får utbetalt høvesvis del av fast årleg godtgjersle.

Satsane for godtgjersler under punkt 1 vert frå 2017 årleg indeksregulert basert på konsumprisindeksen den 31/12 2016. Satsane vert avrunda opp til næraste tusen.

- | | |
|--|----------|
| 2. Leiarar av andre råd/utval, samt fungerande leiar ved forfall, jf. pkt.1 (pr. møte) | kr 1 200 |
| 3. Møtegodtgjersle (pr. møte) | kr 600 |

Det vert berre utbetalt ei møtegodtgjersle der fleire møte er lagt etter kvarandre på same dag.

4. Eventuelt vederlag for tapt arbeidsforteneste kjem i tillegg til ovannemnde godtgjersler. Høgaste kronesum som kan ytast for ulegitimerte tap, vert sett til kr 1000,- pr. dag dersom møta er lagt til eit tidspunkt slik at vedkomande må ta fri frå det ordinære arbeid for å utøva vervet. For legitimerte tap og utgifter kan det betalast ut inntil kr 3000,- pr. dag. For sjølvstendig næringsdrivande kan det betalast ut inntil kr 3600,- når tapet er dokumentert med oppgåve frå firma.

5. Når det gjeld skyss, kost og overnatting i samband med reiser, vert det godtgjort etter det kommunale reiseregulativet.

6. Det vert gjeve refusjon for nødvendige utgifter til barnepass.

7. Formannskapet får fullmakt til å ta avgjerd i tolkingsspørsmål som gjeld dette reglementet.

8. Kommunestyremedlemar og faste medlemar i utval får kr. 1000,- pr. år for bruk av eige datautstyr. Dette inkluderer bruk av privat PC, brett, skrivar, papir og anna utstyr – inkludert tilgang til internett.

Kommunestyret i Radøy - 004/2016

KS - handsaming:

Ordføraren presiserte at dei folkevalde ikkje er inhabile i fastsetjing av si eiga godtgjersle –jfr Kommunelova §40. Det gjeld også ved fastsetjing av godtgjersle til ordførar og varaordførar.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

KS - vedtak:

Følgjande reglement for godtgjersle for kommunale tillitsverv vert gjeldande frå 22. oktober 2015:

- | | |
|--|-----------|
| 1. Fast årleg godtgjersle (i tillegg til møtegodtgjersle): | |
| Medlemer i formannskapet | kr 20 000 |
| Medlemer i hovudutval for plan, landbruk og teknisk | kr 15 000 |
| Leiar i hovudutval for plan, landbruk og teknisk | kr 25 000 |
| Leiar i kontrollutvalet og byggjenemnda | kr 15 000 |
| Fråvær frå meir enn 25 % av møta fører til høvesvis reduksjon. | |

Vararepresentant som har meir enn 25 % frammøte, får utbetalt høvesvis del av fast årleg godtgjersle.

Satsane for godtgjersler under punkt 1 vert frå 2017 årleg indeksregulert basert på konsumprisindeksen den 31/12 2016. Satsane vert avrunda opp til næraste tusen.

- | | |
|--|----------|
| 2. Leiarar av andre råd/utval, samt fungerande leiar ved forfall, jf. pkt.1 (pr. møte) | kr 1 200 |
| 3. Møtegodtgjersle (pr. møte) | kr 600 |

Det vert berre utbetalt ei møtegodtgjersle der fleire møte er lagt etter kvarandre på same dag.

4. Eventuelt vederlag for tapt arbeidsforteneste kjem i tillegg til ovannemnde godtgjersler. Høgaste kronesum som kan ytast for ulegitimerte tap, vert sett til kr 1000,- pr. dag dersom møta er lagt til eit tidspunkt slik at vedkomande må ta fri frå det ordinære arbeid for å utøva vervet. For legitimerte tap og utgifter kan det betalast ut inntil kr 3000,- pr. dag. For sjølvstendig næringsdrivande kan det betalast ut inntil kr 3600,- når tapet er dokumentert med oppgåve frå firma.

5. Når det gjeld skyss, kost og overnatting i samband med reiser, vert det godtgjort etter det kommunale reiseregulativet.

6. Det vert gjeve refusjon for nødvendige utgifter til barnepass.

7. Formannskapet får fullmakt til å ta avgjerd i tolkingsspørsmål som gjeld dette reglementet.

8. Kommunestyremedlemar og faste medlemar i utval får kr. 1000,- pr. år for bruk av eige datautstyr. Dette inkluderer bruk av privat PC, brett, skrivar, papir og anna utstyr – inkludert tilgang til internett.

Vedlegg:

Godtgjersle til folkevalde vedteke KS 2012